



Kvam herad
Grovgjelet 16
5600 NORHEIMSUND



Vår ref.: 2018/17512-2

Dykkar ref.:

Bergen, 14.01.2019

Ynskje om Justering av grense mellom sone B og sone F - Strandebarm skule - Kvam herad

Kvam herad ber Skyss vurdere å justera grensa mellom Sone B og sone F til stoppet ved Strandebarm skule slik at elevar i skulekrinsen kan reise til og frå skulen innanfor ei sone.

Skyss har sett på saka, og basert på ei heilskapleg vurdering har me gjort ei avgjerd om å justere grensa mellom Sone B og Sone F. Me har sett på påverking på skulekrinsar, lokal pendling og gjennomgåande bussruter. Basert på denne vurderinga vert den nye grensa justert, og Sone F utvida slik at grensa følgjer kommunegrensa til Kvam Herad. I praksis betyr dette at den nye grensa vil gå i Mundheimsdalen i vest, og litt sør for Gravidal (ved kommunegrensa). I vest vert siste stopp i Sone F Leirstein i Mundheimsdalen, medan siste stopp i Sone F i sør vert Gravidal sør.

For rute 740 som går om Mundheim til Gjermundshavn får justeringa konsekvensar, sidan ruta som i dag berre går om Sone B, no vil vere innom Sone F. Her vil me laga ein unntaksregel på lik linje med andre, liknande problemstillingar, slik at dei reisande i praksis ikkje må betala for ei ekstra sone på grunn av dette.

Me vonar at både Kvam Herad og dei reisande vil verta nøgd med denne endringa.

Endringa vil ha verknad frå 01.februar 2019.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
Direktør Skyss

Kari Steinsland
Konst. Leiar Sal og Marknad

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.